

---

## MØTEPROTOKOLL

**Utvalg:** Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF  
**Møtedato:** 09.12.2019  
**Møtets varighet:** 10:00 – 14:20  
**Sted:** Storhornet, adm.-bygget Ålesund  
**Saksnr.:** BU70/19 – BU78/19  
**Arkivsak:** 2019/6864

---

**Møteleiar:** Ingrid Løset

**Møtande medlemmer:**

Ann Helene Skare  
Atle Tangen  
Hilde Marie Kleiven  
Inger Nossen Sandvik  
Anne Grete Mogstad  
Jakob Strand  
Daniel Ask (vara)

**Fra administrasjonen møte:**

Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (referent)

**Andre:**

Henrik Erdal under presentasjon av sak BU74/2019 om Helseplattformen  
Torstein Hole under orientering frå adm.dir. om styresak  
Heidi Nilsen under orientering frå adm.dir. om styresak  
Helge Ristesund for å takke av dei som sluttar i Brukarutvalet.

**Forfall:**

Torill Bøe  
Asbjørn Ringdal Gausdal (forfall søndag kveld)

**BU70/2019 Godkjenning av innkalling og saksliste****Vedtak:**

Brukarutvalet godkjenner innkalling og saksliste og protokoll 07/19 blei underteikna.

**BU71/2019 Orientering frå administrerende direktør – representant i hans stad**

- Sak 78/19 om Forbetringsprogram – del 3 v/ Torstein Hole, fagdir.
- Sak 79/19 om Budsjett 2020 v/ Heidi Nilsen, øk.dir.
- Sak 80/19 om LIS-utdanninga v/ Torstein Hole, fagdir.

**Vedtak:**

Brukarutvalet tek orienteringane til vitende.

**BU72/2019 Referatsaker**

- Referat regional nettverksmøte for brukarutval
- Protokoll Overordna samhandlingsutval 27.11.2019

**BU73/2019 Representasjon i råd og utval – munnleg orientering**

<b>Ingrid Løset</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Regional brukarkonferanse 11.-12.11</li><li>- Styreseminar 13.-14.11</li><li>- Dialogmøte 15.11 - innlegg</li><li>- Kvalitetsråd KPHR 18.11 (skype)</li><li>- AU-møte for BU 19.11</li><li>- Forhandlingsutvalet 20.11</li><li>- Overordna samhandlingsutval 27.11</li><li>- Helseplattformen brukarpanel 03.12</li><li>- KEK 05.12</li></ul>
<b>Ann Helene Skare</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Regional brukerkonferanse arrangert av RBU 11.-12.11</li><li>- Styreseminar 13.-14.11.</li><li>- Dialogmøte 15.11. Kommune/HMR</li><li>- AU-møte for BU 19.11</li><li>- Forhandlingsutvalet 20.11</li><li>- Lokalt samhandlingsutval Molde 29.11</li><li>- KEK 05.12</li></ul>
<b>Atle Tangen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Prosjekt prehospitalt samarbeid med Misund kommune</li></ul>
<b>Hilde Marie Kleiven</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Styringsgruppemøte rehab-prosjektet</li><li>- KEK 05.12</li></ul>
<b>Anne Grete Mogstad</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Dialogmøte 15.11</li></ul>
<b>Inger Nossen Sandvik</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Dialogmøte</li><li>- Styringsgruppe rehab</li><li>- KEK</li></ul>
<b>Jakob Strand</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Dialogmøte 15.11</li><li>- Brukarutvalet til Pasientreiser</li></ul>
<b>Asbjørn R. Gausdal</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- AU-møte for BU 19.11</li><li>- Lokalt samhandlingsutval Volda</li><li>- Helseplattformen brukarpanel 03.12</li></ul>
<b>Daniel Ask</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Forskingsutvalet 28.11</li></ul>

### **BU74/2019 Helseplattformen – status**

Brukarutvalet fekk ein gjennomgang av status v/ Henrik Erdal, fagleg leiar i HMR Helseplattformen.

#### **Vedtak:**

Brukarutvalet tek orienteringa om status til vitende.

Brukarutvalet melder om uro knytt til at det ikkje er tenkt på omsetting av dokument frå EPIC til brukarpanelet i Helseplattformen. Orienteringane blir gitt på engelsk. For at brukarmedverknaden skal verte reell, må ein finne ei løysing på denne utfordringa.

### **BU75/2019 Tidlegare sal av Fjellstua på Skaret i Fræna kommune (Molde)**

#### **Vedtak:**

Brukarutvalet har fått saka, om salet av Fjellstua for nokre år sidan, frå ein tilsett i helseføretaket. Etter avklaring med økonomiavdelinga, har brukarutvalet fått følgjande klarheit i saka:

- Helse Møre og Romsdal har i mange år avsett midlar til drift og vedlikehald av denne eigedomen.
- Med bakgrunn av at Helse Møre og Romsdal i mange år har gått med underskot, har ikkje føretaket høve til å avsette midlar frå sal til andre føremål enn til å redusere underskot i helseføretaket.

### **BU76/2019 Styresakene 11.12.2019**

#### **Vedtak:**

Brukarutvalet tek styresakene til vitende og har følgjande kommentar:

#### **Ad styresak 79/19 Budsjett 2020:**

Brukarutvalet har fått ein god gjennomgang av budsjett 2020.

Brukarutvalet ser med uro på at driftsbudsjettet ikkje gjev rom for å auke rammene til vedlikehald av bygg, kritisk infrastruktur, medisinsk teknisk utstyr og basisutstyr.

Brukarutvalet ser at det kan bli krevjande å nå måla i budsjettet for 2020.

#### **Ad styresak 80/19 LIS-utdanning:**

Brukarutvalet er glad for at LIS-utdanninga vil gi god kompetanse til nye legespesialister.

Brukarutvalet er skeptiske til at tidsbruk til veiledning/undervisning kan gå utover pasientbehandlingskapasiteten.

#### **Ad styresak 82/19 Styrets oppfølging av kvalitet og pasientsikkerheit:**

Brukarutvalet er sær glad for at styret har sett denne saka på dagsorden. Brukarutvalet er av den oppfatning at fokus på god kvalitet er sær viktig for pasientbehandlinga.

## BU77/2019 Evaluering av to-årsperioden Brukarutvalet 2018/2019

Brukarutvalet har hatt ein evaluering av arbeidet som er gjort i brukarutvalet denne perioden. Nokre punkt som kan nemnes:

- Godt miljø i brukarutvalet med god takhøgde
- Brukarorganisasjonane bør orienterast meir om kva Brukarutvalet jobbar med.
- God og bred representasjon i brukarutvalet. God bredde i bakgrunn og erfaring.
- Brukarutvalet opplever at ein blir teken på alvor og har ei reell påvirkning.
- Mykje aktivitet utenom brukarutvalsmøtene er ikkje så synleg.

## BU78/19 Godkjenning av møteprotokoll 09/2019 - 09.12.2019

### Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner protokoll 09/2019 frå 09.12.2019.

Ålesund, 09.12.2019

Møtet slutt kl. 14:20

<hr/> Ingrid Løset	<hr/> Ann Helene Skare	<hr/> Inger Nossen Sandvik
<hr/> Atle Tangen	<hr/>	<hr/> Anne Grete Mogstad
<hr/> Torill Bøe (forfall)	<hr/> Jakob Strand	<hr/> Hilde Marie Kleiven
<hr/> Daniel Ask (vara for Torill Bøe)	<hr/>	<hr/>
<hr/>		

### Etter møtet var heva:

Helge Ristesund takka brukarutvalet for innsatsen denne perioden 2018-2019. Han takka spesielt dei i brukarutvalet som går ut av verva sine frå nyttår. Helseføretaket er svært takksam for brukarane sine perspektiv og tenkemåte på dei ulike sakene. Brukarutvalet har vore dyktige til å halde fokus på tilbodet til pasientane. Ristesund retta ei særleg takk til Ingrid Løset som går av som leiar. Ho har fylt rolla som leiar for brukarutvalet på ei sterk, roleg og tillitsvekkande måte. Ho vil bli sakna og ønskes lukke til vidare, og sannsynleg på gjensyn i andre samanhengar.